



Førde kommune, arealforvaltning

Førde Kommune



Forskrift om utvida bandtvang

Hundelova § 6 andre ledd bakstav e

Handsaming:

Formannskapet	19.04.2007
off. utlegging	24.04. - 24.05.2007
Formannskapet	14.06.2007
Bystyre	21.06.2007

Forskrift om utvida bandtvang for hund, Førde kommune, Sogn og Fjordane

- § 1. I tida frå og med 1. april til og med 31. oktober pliktar eigar eller innehavar av hund i Førde kommune å halde hunden i band eller forsvarleg innegjerda eller innestengt.
- § 2. Unntak frå bandtvang går fram av § 9 i hundelova
Dette gjeld m.a.
- dressert hund brukt til gjeting
 - hund i aktiv politi-, militær- og redningsteneste eller under trening eller prøving for slik teneste
 - hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra vilt
 - hund brukt til jakt, jakthundtrening og jaktprøving
- § 3. Om ekstraordinær bandtvang
Myndigheit til å utforme hasteforskrift for innføring av ekstraordinær bandtvang er delegert til rådmannen. Under omstende der ekstraordinær bandtvang vert innført er det ikkje høve til unntak frå sikringsregelen, jakthundtrening og jaktprøver, jf. § 9 bokstav f i hundelova
- § 4. Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. § 28 i hundelova
- § 5. Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsdato i Norsk Lovtidend.

Førde kommune, arealforvaltning den 03.04.2007